



Sjåførane Tormod Myklebust og Leif Jarle Bergstø har levert hjelpesendinga og er på heimveg.

Sjåførane Leif Jarle Bergstø og Tormod Myklebust har levert hjelpesendinga med klede, sko og strikkaplagg i byen Korosten i Ukraina. Dei er på retur og reknar med å vera heime i helga. Leif Jarle og Tormod har opplevd mykje på turen og dei har rike og minnerike opplevingar med seg heim. Mottakarane er takksame for hjelpa frå Kvinnherad.

Etter tollklarering vart det gjort klart for avlesing i Korosten. Det er full sommar i Tsjernobylområde og sundag for ei veke sidan vitja dei ei lokal menighet. Ein dag var avsett til besøk på den nye barnehiemen. Her hadde dei med ein sekk full av heimestrikka lubber. Siste stopp var på ein gamleheim.

Sjåførane frå Uskedalen la inn stopp og omvisning i Tsjernobyl. Det var ei stor oppleving å få sjå plassen og område alle har høyrte så mykje om.

Heimturen går via Gedyňa i Polen og Karskrona i Sverige. Returlasta er bygningsplater. Så langt vi kjenner til er dette den 20. turen for Tormod Myklebust med THK traileren. Leif Jarle Bergstø har vore med ein gong før.

Sjåførane er på same alder, har vore elev saman på Uskedal skule og har i fleire periodar vore kollegaer på TIDE med buss som fag, den eine som sjåfør, den andre som mekanikar og sjåfør.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Leif Jarle Bergstø med ein av mange hundre sekker med kle, sko eller varme strikkaplagg.